


Religion i det offentlege rommet



//

//]]]]> //]]>

«Sist høst skjedde det en liten revolusjon i lærerutdanningen», skriv Dag Kullerud i *Aftenposten* 9. april, med referanse til omgjeringa av RLE-faget frå obligatorisk til valfri opsjon i studieløpet. I ei tid der religions- og livssynskompetansen er meir etterspurt enn nokon gong, har den raudgrøne regjeringa stått for ei stille og historisk nedbygging av kompetansen hos lærarane som skal ut i den fleirkulturelle virkeligheita.

LES OGSÅ: [Religion, minne, genealogi med Paul Ricoeur](#)

Debatten går varmt om integrering og skulegang i Groruddalen, og ulike grupper søker oppstart av muslimske privatskular til hovebry for ministrar og integreringsutval. Ingeniørane for ein ny muslimsk privatskule meiner hovudskiljet frå offentleg skulegang primært vil vera ei erstatning av

RLE-faget med eit eige islamfag. Ansvarleg kunnskapsminister under først nemnde reformmøkt, Bård Vegar Solhjell (SV), er skeptisk til ei utvikling «i en retning der elevene går på ulike skoler som er basert på religion og livssyn», men svekkjer like fullt radikalt sjølve plattformen for eit allmenndannande [religion](#), livssyn og etikkfag i skulen. Korleis skal vi forstå dette paradokset?

Det postmoderne rommet

For å nærma oss spørsmålet, skal vi byrja med ein karakteristikk av den tidsånda vi sjølve lever i. Den slovenske filosofen [Slavoj Žižek](#) (f. 1949) har skildra den postmoderne møtestaden som ein multikulturell allmenning prega av utveksling, alteritet og narrative virkeligheitskonstruksjonar. I det postmoderne rommet møter vi på den andre i si underfulle annleisheit og vender merksemda frå eine etter den andre av fargerike beretningar om levd liv, kulturelle uttrykk og unike erfaringar. Her er vi ikkje lenger underlagd ein tyngjande, trykkjande rasjonalitet eller universelle sanningspretensjonar. Vi er frie til å beretta, dyrka og konstruera, til å skapa og hylla, til å dvela i ein identitet og ein kultur som er vår eigen og – djupt – ingen andre sin. Problemet med dette 'postmoderne feltet' er berre dét at vi ikkje eigentleg synest å nå kvarandre på anna vis enn som deltakarar i ei høflig utveksling av interessante synspunkt.

Bak dette opne rommet for møte og gjensidig respekt kviler ein mindre vennlegsinna pseudo-toleranse av distinkt eurosentrisk kjennemerke.

Vi insisterer – og, ja, det er den multikulturelle ideologien som her finn si karikering – på den Andre med stor A. Denne Andre møter vi berre som den *heilt* andre, som vi korkje kan eller skal femna inn i våre eigne kategoriar og forståingsformer. Den Andre skal hegnast varsamt om med omsut og respekt, men som ein eksotisk plante eller ein spennande artefakt frå fjerne himmelstrøk. Det vestlege mennesket, med si postkoloniale skuld og sin valdelege rasjonalitet, har trekt seg frå sitt imperialistiske prosjekt, og har i staden inntatt rolla som 'den store tilretteleggjaren'. Som den som fritt og uberørt svever over dei ulike forteljingane, som medierer og utvekslar, men som aldri gjentar fedrane sine synder.

Kven er vi sjølve?

Med denne skildringa av den postmoderne utvekslingsideologien identifiserer Žižek ein særleg ambivalens med resonnans i fleire vestlege samfunn i vår tid. Vi er – med rette – kritisk til vårt eige rulleblad av kulturell, politisk og religiøs imperialisme. Problemet er berre at vi ikkje eigentleg veit kven vi sjølve er i møte med denne Andre, og freistinga blir stor til å vera *ingen* – eller å oppløysa reelle konflikhtar til ulike *perspektiv*. Då Julia Kristeva vitja landet for ei stund sidan, heldt ho fram nettopp denne kontinuerlege tvilen ikring eigne verdiar og identitet som særleg kjennemerke – og adelsmerke – ved den europeiske identiteten.

Så tilbake til utgangspunktet. I stortingsmeldinga for ny lærarutdanning frå 2008/09 ([St.meld. nr. 11](#)) – er det nokre moment som på interessant vis aktualiserer problemstillinga på heimleg grunn.

Meldinga legg ei ny tyngd på norsk-, engelsk- og matematikkunnskapar og innfører eit obligatorisk emne i «Pedagogikk og elevkunnskap» (PEL) med eitt års omfang. Her finn vi ei styrking av allmenne eigenskapar og sentrale ferdigheiter som ein må forventa av ein lærar som skal ut i den fleirkulturelle skulen som etter kvart er den norske. Det som overraskande *ikkje* lenger er rekna som obligatorisk minstekunnskap, er den materielle og praktiske kunnskapen om religionar, livssyn og etikk som det tidlegare KRL-faget skulle ta i vare – og som no er sett opp som valfritt emne i «Religion, livssyn og etikk» (RLE).

Framand og samlande

Dette er overraskande fordi det jo kan hende er nettopp religionen som, meir enn noko, må seiast å vera berar av 'annleisheit' i det norske samfunnet i dag. Religionen er på eine sida ein nesten framand fugl i eit så sterkt sekularisert samfunn som det norske, men opptrer også, på andre sida, som samlande merkjelapp for dei ulike kulturane, etnisitetane og samfunnssyna som brynest på verdsareaen og i den heimlege debatten. I norsk kontekst har lausrivinga frå den religiøse – og kristne – sfæren, vore bestemmande for korleis både stat, skule og offentlegheit har tatt form. Seinaste uttrykk for dette er den gjentatte kritikken av problematiske element i skulefaget og suksessive namneendringar på faget dei siste tiåra. Samstundes kjem religionen for full styrke og med ny aktualitet inn på verdsarenaen. Islamsk jihad står mot kristen krosstogsretorikk; buddhistisk militanspasisfisme står mot hinduistisk sjølvstendekrav. I Norge drøftar vi bruk av religiøse symbol i politi- og rettsvesen, og Litteraturhuset fyller hus på hus med debattar om multikulturalisme, ekstremisme og dialogmuligheiter i det seinmoderne. Mot denne bakgrunnen synest det umiddelbart underleg at religionskunna i lærarstaben skulle ha mista sin relevans.

I møte med ein elevmasse med stadig meir divers bakgrunn, ser ein det frå statleg hald som ikkje lenger nødvendig at ein lærarstudent må beherska eit visst register av religiøse og kulturelle kodar før han skal ut i skulekvardagen.

Hadde framlegget vore gjort for 10 år sidan hadde det – ytre og klimatisk sett – kanskje vore forståeleg. I dag framstår den raudgrøne omlegginga mildast talt underleg.

Å ikkje plaga religionen

I botnen ligg det, for meg å sjå, ein særleg *norsk* type berøringsangst tett knytt til den religions- og livssynshistoria som har prega kulturen vår. Norsk kristendom har frå Hauge-rørsla og framover fått tydeleg preg frå den pietistiske lekmannstradisjonen som har vore så viktig her til lands. I denne tradisjonen ligg vekta på det indre mennesket og det individuelle møtet med Gud. Med si klare erfaringskjensle og sin gjennomførte autoritetsskepsis hadde den pietistiske bedehuskulturen inkje problem med å tala både rådande myndigheiter og lærde teologar midt imot. Som brei mentalitetshorisont i det norske bondesamfunnet var desse impulsane avgjerande for utviklinga av lokaldemokratiet og den likskapskulturen som pregar Norge også i dag. I underleg tospann med denne religiøse mentaliteten vaks også Human-Etisk Forbund fram, med si vektlegging av

religionen som eit felt for dei særleg interesserte og som eit fenomen på kollisjonskurs med det allmenne sivilsamfunnet. I begge desse formande impulsane i den norske mentaliteten – den religiøse og den religionskritiske – ligg det ei sameint forståing av at vél skal religionen handsamast med respekt og toleranse, men han skal avgrensa seg til sitt eige område.

Det offentlege skal ikkje plaga religionen, i byte mot at religionen ikkje blandar seg for mykje inn i det offentlege.

I tråd med eit slikt syn vedtaksfester SV i 2004 i sitt «Program for etnisk likestilling» eit mål om å fjerna [ikkje endra] religionsfaget frå skulearenaen, med tanke på såleis «å skape en reell livssynsøytrale skole». Som direkte etterfølgjande punkt i programmet skal like fullt «(l)ærerrutdanningen styrkes med flerkulturell kompetanse». Resultatet av denne tankepagaten ser vi konturane av i dag. Ein kan ikkje enkelt trekkja teppet ut under læraren, samstundes som ein krev at han skal føta seg stødig på det. Å styrka den fleirkulturelle kompetansen ved å ta ut religion- og livssynskunna står ikkje til truande.

Ei uheilag samrøde

På den religiøse arenaen, på den andre sida, ser vi tendensar til at religiøse aktørar er meir opptekne av å verna om eigen religionsfridom, enn å gå i kritisk dialog med samfunnet kring seg om grunnleggjande verdiar og verdssyn. I staden for at religionen kreativt tar del i den offentlegheita han visseleg er ein del av, er vi her er vitne til ein type 'uheilag samrøde' mellom ei religionskritisk venstreside og ein særleg type offentlegheitskritisk religiøsitet som kanskje ikkje er langt unna å fanga inn paradokset vi byrja med.

Med tanke på forløparane til det nye RLE-faget slik det no har funne form i lærarutdanninga, er det éin akilleshæl som aldri har slutta å gjera diskusjonen om religionsfaget uklår og vanskeleg, og det er forkynningsproblematikken. Her er det ikkje tvil om at både Human-Etisk Forbund og andre skeptikarar har hatt ei viktig rolle som 'vaktbikkje', imot ei kristenheit som tidvis har vore meir enn villig til å operera i ein tvilsam gråson. Men det er slått fast – ved menneskerettsdom og i faglege planar – at religionsfaget ikkje kan eller skal vera oppseding i kristen (eller noka anna) tru. Problemet er berre: Kva skal faget vera då?

Den norske berøringsangsten

Vi veit at kunnskap om religion er viktig, men kvifor og på kva måte er han det? Kva er eit religionsfag som skal undervisa om religiøse praksisar, tenkjemåtar, tru og symbol, men som på inkje vis skal virka til omvending eller religiøs oppseding? Eit fag som skal opplysa og utvikla, gi evne til å sjå og kompetanse til å samtala, men utan å opptre som statsfinansiert indoktrinering?

Det er i dei seinare åra gjort viktig vidareutvikling av religionsfaget som eit allmenndannande, opplysende og sekulært skulefag. Det synest like fullt ikkje som om den breiare offentlegheita, og

særleg den styrande offentlegheita, har gjort seg særleg andre tankar enn at religionen er – som han i Norge har vore – for dei særleg interesserte og dei særleg invigde. Denne snevre oppfatninga av religionen i den offentlege sfæren står i underleg og utidsmessig kontrast med måten religionen dukkar opp i dag – i møte med levande menneske med andre og utfordrande tankar om samfunn, erfaring og verdssyn. Menneske som – meir enn toleranse – ønskjer å bli tatt på alvor som *aktørar* i ei offentlegheit dei sjølve er del av. Her kjem den norske berøringsangsten for det vanskelege, med sitt eksotiserande og særrettsorienterte blikk, til å avskriva religionen som ein faktisk ressurs i det offentlege livet. Eit slik berøringsproblem andsynes religionen gir seg uttrykk i ei nærast paranoid angst for å koma den Andre for nær, for å krenka og undertrykkja, for å utfordra og brynast. Og under her igjen ligg det kan hende ei endå djupare angst; angsten for sjølv å bli rørt ved. Vi vil sjå den Andre, ha henne der for å fortelja si spennande og fargerike historie, men vi vil atterhalda oss retten til ikkje å måtta tenkja gjennom det den andre bringer med seg som utfordring til vårt eige verdssyn.

Utfordring og refleksjon

I mot ein slik tendens må det nye RLE-faget stå klart og tydeleg fram som eit allment opplysende og orienterande skulefag, som siktar mot å skapa forståing og fascinasjon for andre måtar å prosessera verda på, for alternative vinklar på sanning og for andre symbol å fortolka eit liv gjennom. På same tid ser vi innafor RLE-faget – motsett sin eigentlege og opphavlege intensjon – ein stadig pågåande bruk av fritaksretten. Denne er no kalibrert etter ei subjektiv erfaring av korleis den einskilde, eller føresette, *oplever* sitt eige verdssyn under press. Men med dette framstår også, slik Bent Raffnsøe-Møller i si tid peikte på, vårt eige opplysnings- og orienteringsomgrep som suspekt. Og verre enn det; vi lærer opp ein heil generasjon med elevlar til at om dei opplever eit møte som framand eller utfordrande, er det berre å retta opp handa så unngår ein det møtet. Med dette fråtar vi elevane, i den sosialdemokratiske berøringsangsten sitt namn, for avgjerande muligheiter til å bli utfordra og til å få eit reflektert forhold til eiga tru og verdsorientering.

I mitt eige studieløp har eg i livssynslæra blitt konfrontert med ein marxistisk historiematerialisme som har sett tankar i spel. Eg har lært om buddhistisk begjærsteori og vore med der tusenårgamle hebraiske formular er blitt resitert og arabiske bønerop sendt mot svimlamde himlar. Eg har stått framfor ein stor, gylden buddha og kjent glassklar og sjeldan ro. Eg er ikkje blitt marxist av dette, heller ikkje buddhist eller muslim. Men eg står ikkje uberørt tilbake. Eg har sett venleiken i tusenårgamle visdomstradisjonar som ikkje er mine, men som like fullt er – visdom. Eg har kjent nærvær og ro som ikkje er min ro, men som like fullt *blir*, som eit svalt sagn i sjela. Eg kjenner noko til religionen sine destruktive og undertrykkjande sider, og har fått reflektert over eigne autoritetspersonar og symbolske fordringar.

Eg er berørt, men eg er ikkje skada. Eg har blitt utfordra og rørt ved, men det er mine tankar og mine kjensler som er berørte.

Å røra ved kvarandre

Å handsama dagens elevar som skjøre porselensdokker som korkje tåler refleksjon eller utfordring i eigne grunnleggjande livsorienteringar er ei djup og uholdbar undervurdering. Desse menneska er dei som i morgon er vaksne aktørar i ei offentlegheit der dei skal vera med heile sin horisont. Med dei livsvala dei har tatt og dei tankane dei har tatt til seg, forlatt eller bearbeidd. Å ta elevane på alvor tyder også å ta med denne dimensjonen; den omfattande orienteringshorisonten dei ber på – som gryande ateistar, praktiserande truande eller tvilråidige agnostikarar. Og dei må ha lært denne tingen; at å røra ved kvarandre ikkje er farleg. At det å brynast og bryna høyrer med til det å nå eit reflektert forhold til seg sjølv – og eit reflektert forhold til den Andre som vi deler dette tilværet med. Så kan ho som vél å bera hijab gjera det, men som noko det er ho som gjer. Ho veit noko om feminismen sin kritikk av praksisen, ho veit noko om skilnaden mellom religion og kultur, ho veit noko om symbol og noko om offentlegheit. Ho vél det og har reflektert over kvifor ho vél det. Så kan han som har sett gjennom religionen sitt løgnaktige slør melda seg ut av den kyrkja foreldra ikkje evna å avsløra. Men han veit òg noko om naturalismen og humanetikken sine eigne begrensingar og noko om dei dimensjonane desse verdsyna ikkje adresserer. Han har sett venleik og visdom i andre versjonar av røynda. Og han har lært seg at den Andre ikkje var fullt så farleg likevel, som det menneske ein møtte og som den medeleven ein lagde ein morosam presentasjon av det buddhistiske livshjulet saman med.

No er det å ha ein viss kjennskap til eleven sine religiøse og livssynsmessige føresetnader likevel ikkje heilt borte frå den obligatoriske delen av lærarutdanninga. Som del av eit underpunkt til den andre modulen av det nye pedagogikkfaget (PEL 2), er religionen nemnt som ein av dei elevkontekstane læraren retteleg må ha kunnskap om. Men ein kjem ikkje unna ei kjensle av at religions- og livssynsperspektivet er kraftig neddyssa som relevant faktor i eleven si danning og utdanningsprosess. Såleis skal PEL-faget overordna kopla «perspektiv på historie, kultur og politikk med oppdragelse, utdanning og danning» og vidare «gi grunnlag for kritiske analyser av de utfordringer samfunn, kultur og politikk representerer for lærerrollen og for virksomheten i skolen». (*Nasjonale retningslinjer for grunnskolelærerutdanningen*, pkt. 6.1)

For dei særleg interesserte?

No kan det tenkjast at religionen her er sett som integrert del av både historie, kultur og politikk, og at dette er så sjølvstøtt at det ikkje treng nemnast ein gong. Det uheldige ville vera om slike formuleringar snarare skulle tyda at ein rett og slett ikkje anerkjenner religions- og livssynsdimensjonen som nokon relevant oppdragande, utdannande og dannande del av eleven sin eigen horisont.

Med tanke på religionsfaget i skulen er freistinga stor for å velja å unngå det vanskelege møtet – den vanskelege Andre som religionen representerer – av frykt for å koma den Andre for nær. Religionstematikken i skulen har vore omstridd og omdiskutert. Såleis engasjerer han oss, han berører og han utfordrar. Men vi må ikkje skusla bort denne viktige arenaen for møte, bryning og lærdom ved å gi etter for berøringsangsten for den andre som av og til også gir oss ubehag som utfordring. Om vi tar på alvor læreplanen sine mål om å utvikla hos lærarstudenten forståing for det

fleirkulturelle samfunnet, merksemd omkring kulturelle skilnader og evne til å handtera skilnader som positive ressursar, høyrer det med at vi ikkje berre lærer om dei andre, men at vi også vågar å læra av den Andre. I eit slikt lys kan religionen i våre dagar ikkje sjåast som eit perspektiv 'for dei særleg interesserte'.

Dette vil no vera ei utfordring for måten den nye planen for lærarutdanninga i praksis blir forvalta ved dei ulike lærestadene. Men det står òg som eit ope spørsmål til den raud-grøne styringa: korleis var det dei tenkte det her?

Øystein Brekke arbeider som førsteamanuensis ved Høgskolen i Oslo. Han har ein Ph.d.-grad frå Universitetet i Oslo og har skrive ei avhandling om den franske filosofen Paul Ricoeur og religionen som del av eit kollektivt, kulturelt minne. E-post: Oystein.Brekke@hioa.no

Teksten sto på trykk i Morgenbladet 15. juli 2011.